



NVE
Konsesjonsavdelinga
P.b. 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn til søknad om løyve til å byggje 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommune

SFE Nett AS ynskjer å gje ei høyringsfråsegn til søknad om sju småkraftverk i Jølster og Gloppen. Av desse 7 ligg Neselva II i området for SFE Nett AS sin områdekonsesjon. Vi viser her til eiga fråsegn i brev til NVE 12.03.13. For dei seks andre viser vi til Sunnfjord Energi for informasjon om tilknytning i D-nettet.

SFE Nett har ingen merknad til sjølve kraftverka, men ynskjer i eigenskap av regional- og sentralnettseigar i området, samt regionalt utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane, å informere kort om nettsituasjonen på R/S-nett nivå i området. Aktuelle tilknytingspunkt til overliggande nett er vist i tabellen under.

Tabell 1 Oversikt over kraftverk med områdekonsesjonær og tilknytingspunkt i R/S-nett

Kraftverk	Områdekonsesjonær	Tilknytingspunkt R/S-nett
Åmot kraftverk	Sunnfjord Energi	Skei (SFE)
Paulen kraftverk	Sunnfjord Energi	Skei (SFE)
Driva kraftverk	Sunnfjord Energi	Skei (SFE)
Øvrebø kraftverk	Sunnfjord Energi	Stakaldefossen/Moskog (SE)*
Helgheim kraftverk	Sunnfjord Energi	Skei (SFE)*
Kupekraft kraftverk	Sunnfjord Energi	Skei (SFE)*
Neselva II kraftverk	SFE Nett	Reed (SFE)

* Kan evt. knytast mot Myklebustdalen trafostasjon (SE) om de vert etablert 22kV sjøkabelforbindelse i Jølstravatnet.

Sentralnettet i området har som kjend ikkje kapasitet til meir ny produksjon. Dette ventar vi vil endre seg hausten 2015 når 420kV seksjonen Ørskog – Høyanger er venta i drift. Det vil då være kapasitet for dei omsøkte kraftverka isolert sett, men den samla konsesjonsgjevne og omsøkte produksjonsmengda i området er stor. Særleg kan transformeringskapasiteten mellom D- og R-nett i Stakaldefossen (SE) Skei (SFE) og Reed (SFE) bli ein flaskehals. Det er nødvendig med ei nærare avklaring av kva mengde ny produksjon som skal byggjast ut, før ein kan sjå kva tiltak i nettet som følgjer av dette. For nærare omtale av aktuelle tiltak viser vi til den regionale kraftsystemutgreiinga som kjem i oppdatert utgåve seinare i år.

Med helsing
SFE Nett AS

Kristen Skrivarvik
Nettplanleggar